



Arvid Ragnar Ryland
Rosslandsvegen 1265
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/324 - 17/4421

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
09.03.2017

Godkjenning av søknad om bygging av snuplass Gbnr 43/25 Ryland

Administrativt vedtak. Saknr: 63/2017

Saksutgreiing:

Arvid Ragnar Ryland søker i søknad dagsett 03.02.2017 om løyve til å byggje ein snuplass for tømmerbil på Gbnr. 43/25 på Ryland. Det vert søkt om å byggje ein snuplass i vegklasse 4 på ca. 45 meter. Vegen er tenkt nytta 70 % skogbruksformål og 30 % til jordbruksformål. Vegen har eit dekningsområde på 18 daa med eit ståande volum på om lag 550 m³, byggjekostnad er kalkulert til 20.000kr.

Eigedommen har 16,8 daa skog, 6,3 daa fulldyrka jord, 1,9 overflatedyrka jord, 1,5 daa innmarksbeite og 9,2 daa anna areal. Søkjar ynskjer å nytta snuplassen i samband med uttak av skog og skogskjøtsel og i samband med jordbruksdrift. I vegens dekningsområde ligg 8,7 daa med jordbruksareal. Snuplassen vil betre moglegheita for å kunne snu større kjøretøy eigedomen. Det går ein privat veg frå Fylkesveg 564 og inn på eigedommen og to andre eigedommar. Snuplassen er tenkt å ligge på eit eldre beite som ikkje har vore i drift på fleire år.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjør hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte snuplassen utgjør landbruksformålet all planlagt bruk av vegen.

Snuplass for tømmerbil er naudsnytt for å få god økonomisk lønnssemi i drifta, men også for å kunne laste tømmerbil på ein trygg og sikker måte. Ein snuplass vil også kunne nyttast av andre større køyretøy ved behov. Skogen på eigedommen har fått stormskadar og vindfall etter orkanen Nina og andre uver etterpå, det er difor viktig å leggja til rette for at dette kan takast ut. Da eigedommen er liten i areal, er det ein god forvaltning å ta ut resten av hogstmoden skog samtidig. Dette for å sikre god økonomi i drifta. Ein snuplass er også viktig for få inn maskiner naudsnytte for drifta på ein god og skånsam måte, dagens maskiner er store og tunge. For å unngå skader på veg eller jordbruksareal er det viktig å kunne frakte maskinane forbi sårbare område før dei skal ut i terrenget. Snuplassen er planlagt å liggja på eit innmarksbeite som ikkje har vore i drift på fleire år.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Kommunen har etter gjennomgang av artskart og naturbase ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området eller i nærleiken (jf. § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte vegen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke, då bruken ikkje vert endra (jf. § 10). Naturmangfaldslovas §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med §§8-12 i naturmangfaldslova.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen har ingen merknad mot vegen. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje merknad, men ber om at ein under opparbeiding av vegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje merknad.

Søklar har sendt nabovarsel i samsvar til landbruksvegforskrifta § 2-3, og det har etter nabovarslinga kome inn merknad. Eigarane av naboeigedommen Gbnr. 43/94 har følgjande merknader til søknaden i brev og epostar datert 16.02.174 og 21.02.17.

Kort samandrag av merknadane:

- Skadar på vegen som følgje av tunge køyretøy må reparerast
- Ein del av snuplassen kjem på vegen
- Vil at snuplassen fjernes/tilbakeføres etter uttak tømmer da denne ikkje tener noe behov lengre
- Alternativ plassering av snuplassen, då omsøkt plassering vil vere sjenerande og vil redusera av eigedom gbnr. 43/94

Søklar sine kommenter til merknadane:

- Vil reparera større skadar

- Vil ha permanent snuplass då dette er ein investering i eigedommen, og at han ynskjer å nytta snuplassen seinare ved behov til vedhogst og liknande

Administrasjonen har vurdert dei innkomne merknadane og visar til at skadar på privat veg er eit privatrettsleg høve som kommunen ikkje kan ta stilling til. Administrasjonen meiner at den omsøkte snuplassen ikkje vil liggja på vegen, då snuplassen vil utformast som ei sløyfe ut frå eksisterande veg. Men det er viktig at snuplassen vert tilpassa terrenget på best mogleg måte for å unngå unødige terrenginngrep. Søkjar har søkt om eit permanent tiltak i samband med skogsdrift på eigedomen, og administrasjonen meiner at eit tiltak som dette vil vere vesentleg for framtidige driftar på eigedomen. Skogeigar har plikt til å forynga eigedomen etter hogst og det vil difor vere eit framtidig behov for snuplass på eigedomen. Vidare legg administrasjonen vekt på at snuplassen kan nyttast i samband med andre skogbruks- og jordbrukstiltak som er vanleg på landbrukseigedomar som til dømes vedhogst.

Grunna jordbruksareal er den planlagde traseen det beste alternativet for plassering. Dersom ein skal kryssa jordbruksareal med tunge maskiner i samband med uttak av skog kan dette få store konsekvensar for jorda dersom det ikkje vert gjort på frossen og snødekt mark. Dagens utstyr i skogbruket er tungt og sjølv ved frossen mark kan dei gjera store skader med øydelagde grøfter og jordpakking. Jordbruksarealet nærmast fylkesvegen er i dag slåttemark som er i aktiv drift. Det er difor administrasjonens vurdering at det er betre å leggja snuplassen på eit beite som ikkje er i drift i staden for på areal som er fulldyrka og/eller overflatedyrka jord som vert nytta til slåttemark. Vidare vil plassering på motsett side av vegen kunne føra til større terrenginngrep da det er større høgdeforskjellar i terrenget. Vidare vil snuplassen kunne komma i konflikt med nedgraven septiktank.

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering gi løyve til bygging av den omsøkte landbruksvegen. Det er administrasjonen si meining at vegen vil vere viktig for god og kostnadseffektiv drift av skogen. Både ved hogst i dag men også ved framtidige driftar. Vidare vil snuplassen kunne nyttast til andre tiltak på eigedommen i samband med skobruk eller jordbruk. Vegen vil også bidra til at det er mogleg å snu større køyrtøy inne på eigedomen på ein god måte.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til bygging av snuplass som omsøkt i søknad dagsett 03.02.2017. Snuplassen skal byggast i vegklasse 4, i lengde på ca. 45 meter og alt som nyanlegg.

Byggjeløyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Vegen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 4 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
3. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 15.03.2020.
4. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal

godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-3 og 3-4 i forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart og skisse over snuplass gbnr. 43-25

Kopi til:

Britt-Nina og Morten Kvamme	Rosslandsvegen 1263	5917	ROSSLAND
-----------------------------	------------------------	------	----------

Mottakere:

Arvid Ragnar Ryland	Rosslandsvegen 1265	5917	ROSSLAND
---------------------	------------------------	------	----------